



Norge Rundt er eit populært program som vert sett av mange. Det vil nok uskedelingen Gaute Haugland oppleve framover, for ikveld hadde han ei rolle i Norge Rundt. Han var ein slags assisterande programleiar saman med Benedicte Goa Ludvigsen og var med og måla ein seilbåt for 15-åringen Andreas.

Det er berre litt synd at Gaute ikkje fekk høve til å eksponere seg meir enn han gjorde for det hadde han fortent. Han hadde fortent eit eige program! Dette vart ein svært knapp presentasjon.

Ikkje minst mangla den viktige opplysningen at han er frå Uskedalen - no vert han 'klubba inn' som bergensar. Så fekk vi alle fall veta at han har halde på som grafittikunstnar i 8 år, og at han også har gjort seg gjeldande i det bergenske gatebiletet (foto).

Han fekk heldigvis også attest frå Benedicte for å vera veldig flink. Men det var fyrste gongen han måla ein båt, og det vart eit sprudlande og festleg resultat slik Gaute har for vane.

I den seinare tid har han forresten også måla meir i den heimlege natur. Nyt resultatet under den neste turen opp mot Hauglandsfjellet!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

